



Tal medlemmar står i parentes ved dei einkilde organa.

- Partsamansette utval, utval for eigedomsskatt, eldreråd og råd for funksjonshemma vert ikkje endra i perioden.
- Forvaltningsstyret sine oppgåver vil bli nærare definert av kommunestyret i reglement.
- Klagenemnda og næringsutval vil vera funksjonar/arbeidsoppgåver under formannskapet.
- Formannskapet vil ha ansvaret for kontroll/vurdering av tenesteproduksjon.
- Mellombelse komitear vert oppnemnt av kommunestyret i særskilte saker. Komiteane vil vere tidsavgrensa og ha klare mandat. Komiteane tilrår direkte til kommunestyret. Komiteane skal ha gjennomgåande representasjon.
- Delegasjonsreglementet må ta utgangspunkt i prinsippa skissert i pkt. 5.4. Reglement for dei ulike utvala må utarbeidast i samband med nytt delegasjonsreglement.